




# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for januar 2015.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK 12713

Årgang 50



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Øystein Alme
Visepres:	Bernhard Harkjerr
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Karin S. Holstad
Styremedlem:	Eileen B. Hareide
Styremedlem:	Sverre J. Ulstein
Ansv.red.:	Aagot Riise
Referent:	Karin Holstad

## Fødselsdager i desember:

Eileen Brandal	6. januar
Hans Gisle Holstad	7. januar
Vigdis Riise	14. januar
Anders Riise	25. januar

## VINTER.

**Løfter ansiktet mot himmelen,  
lar tungen smake snø.  
Lukte vinter,iskald jord,ser blomstene dø.  
Kjenner vinden stryke kinnet mitt, hardt og  
ganske fort.  
Hører stemmen til Kong vinter frese:  
Sommer du skal bort!**

**Løfter ansiktet mot himmel,  
kjennen føttene mot jord!  
Danser rundt i visshet:  
Jeg er liten men dog stor!  
Et øyeblikk så levende,  
Så underlig godt!  
Roper høyt av glede:  
Takk for livet jeg har fått!**

**Løfter hendene mot himmel,  
Jeg vil gråte ,jeg vil le.  
For en gave livet gir  
når man får evnen til å se.**

## **Møte 05.01.15.**

30 av medlemene var til stades.

Vi opna med sang nr.124, fager kveldsol smilar.

60-års jubilant Bjørn Teigene takka for merksemda i høve dagen sin.

Tema i dag: Egoforedrag av Øyvind Hansen frå Hjørungavåg.

Han fortalte om god oppvekst i Hjørungavåg, seinare frå yrkeslivet. Han arbeidde 1 år på Hjørungavåg verksted i 1975, deretter ved Liaset Mek, og vidare til Hareid Elektriske. Her arbeidde han i mange år, kun med avbrudd for vidare skulegang ved Ålesund Vidaregåande. Etter ein fotballskade, vart det å arbeide med salg i samme bedrift, og i 1990 vart han med HE til ny butikk i Saunesmarka. I dag arbeider han i eit firma ved namn Roxtec, som driver med tetning av alt som har med kablar/rør som skal gjennom eit dekk. Dette er i hovudsak innen maritim industri.

Etter ego-foredraget var det litt tid til overs, og mykje godt prat rundt borda. Presidenten nytta høvet til å informere om, og delegera til styret diverse saker.

## **Møte 12.01.15.**

Det var godt oppmøte , og vi opna med songen Kjerringa med staven.

Johs Hareide informerte om pengegåve til Rotarystien. Minnegåve frå Torgunn Sivertsen Johansen sine pårørande, kr. 2120.

Sverre Bjåstad informerte og viste bilder og tekst frå boka om 50-årsjubileumet til Hareid Rotary, som kjem ut i februar. Den er no klar til å gå i trykken.

## **Møte 19.01.2015.**

Oppmøte 26 medlemar

Hans Gisle Holstad gikk igjennom opplegg og program for jubileumsfesten.

Sverre Jarl Ulstein orienterte om sitt arbeid på Gullfaks C.

## **Møte 26.01.2015.**

I dag er det programfritt møte, men Sverre Bjåstad informerte om prosessen med jubileumsboka. Presidenten las opp kven som hadde hatt bursdag denne mnd., og deretter oppmoda han komiteiarane om å arbeide i dei ymse komiteane. Det var godt oppmøte, og god prat rundt borda med kaffi og vafler.

